


Gamalt frå Kviteseid

Nr. 7



ÅRSSKRIFT 1992

Gamalt frå Kviteseid

Nr. 7

ÅRSSKRIFT
1992

UTGJEVE AV KVITSEID HISTORIELAG

KVITSEID 1992

Innhald

	Side
Fyrjord	4
Vegen. Litt om samferdsel. Av Steinar Berge	5
Attlagde plassar i Vrådal. Av Tor O. Sanden	8
Då Lars Omtveit reiste til Amerika. Av Harald Oppebøen	12
M.B.Landstad. Av Olav Botnen.....	14
Husmannsplassen Dalastaul. Av Aasmund Bjørnflaten	18
Tormod Knudsen Borgejorde. Dikt.	19
Naturfenomen i Kviteseid. Av Hallvard Dalen	22
Menneske eg minnes. Av Torjus Loupedalen	24
Segn frå Kjåkheimgrenni. Av Tallev Moen	28
Rimsmeden Kjetil Hauglid. Dikt.....	28
Hæge Kastedalen. Av Olav Botnen.....	32
Litt om Dølehalli i Morgedal. Av Torleiv Lid.....	34
Då Kviteseidbyen brann. Av Gunnar Ruud.....	36
Soge om korleis Morgedal vart busett. Av Olav Botnen	43
Store snøvintrar. Av Hallvard Dalen	46
Tri småsoger	47
Lysingar	49

Fyriord

Gode kviteseidingar! Så vart det "Gamalt frå Kviteseid" i år og, sjuande årgang. Det såg lenge mørkt ut, då me ikkje hadde redaktør. Tor J Skarprud takka for seg i fjor. Så fann styret ut at dei laut prøve sjølve, og her er resultatet.

Me vil og her få takke det tidlegare skriftstyret, Tor J Skarprud, Harald Oppebøen og Arne Nordskog, så mykje for alt arbeidet med dei seks fyrste årsskriftene.

Me vonar at kviteseidfolk framleis har interesse for fortida, og les heftet vårt. Vårt ynskje er og at fleire tek seg i nakken og skriv for oss om gamle ting og hende.

Ein takk til dei som stør oss med lysingar.

*For styret
Steinar Berge
leiar*

Vegen Litt om samferdsel

I sumar feira me 100 årsjubileum for Telemark-Bandakkanalen, men det er vel landevegen som er eldst.

I dag ligg stamveg 11. gjennom Morgedal, utan serlege bakkar, med asfalt og kvite og gule striper. For nokre hundre år sidan var det "enklare" vegar å fara, til fots eller til hest.

Ein slik rideveg kan ein sjå "ævur" av her og der i bygdi. Ei mogeleg line var frå Åsmundtveit, framom plassen Tjønnan, fram til Hemmestveit. Her møtte ein veg frå Kviteseid, opp frå Omland, oppi lidi ovafor noverande veg i Siljejuv. Frå Hemmestveit gjekk truleg vegen om Lid (nedlagd plass), Kallåkgardane, til Sollidgrendi og over leitet til Hauge og Brekkegardane. Frå Vårstaulen til Uppistrond er det godt synleg veg i dag. Frå Uppistrond er det fin utsyn over Morgedalstjønni og gardane i nordbygdi.

Derifrå fer me over Huslid til Haugann og over Hestefoss, om Sudbø og Bjåland. Her tek kleivane til, opp til Nystaul og opp den lange Honnåskleivdalen. Her kan du snu deg og sjå mesteparten av bygdi som ein fugl ser det.

Komen opp på høgdi, ris Hovundvarden framom deg med sine 1111 m.o.h. Vegen gjeng på ein låg ås mellom Breivatn og Mjåvatn og kjem fram til Hovundstaulen.

Litt lengre nord i dalføret kjem me til Liarfloti, her skal det ha vore marknadsplass. Frå Fjølldal og Fjølldalstaulen kjem ein opp på skarvet og flæine, nordover til Vorvatn og Haugebu. Herifrå er det tvo moglege liner, ei mot Kinsarviki, og ei vestover gjennom Gjædste-moskaret. Og dermed er me ute av Morgedal.

Så gjekk tidi, og me fekk køyreveg. Denne gjekk nede i dalbotnen og bakke opp og ned, frå Fossgjordbrekka til Lybergbakkane. I Nordbygdi var Strondbakken lang og seig. Eg minnest som gutunge at Torleif på Haugen fortalde meg, tydleg stolt, at "Åsta (syster hans) hev sykla opp Strondbakken".

Haugenbakken var noko mindre, men eldhusbakken på Sudistog Berge var og drug. Her stod eldhuset på garden, så det var naturleg å ta ei kvild og ei røde med Gunhild og Sveinung, som "sat" i eldhuset um sumåren. Ungan som for etter vegen lika ikkje Sveinung, for han var så fæl til å bry dei.


Her var og skysstasjon ei tid. Det var det og på Haugen. På Bergegardane hyste dei og lasskøyrarar, på veg til og ifrå byen. På Sudis-

tog står "fjøllmannstallen" enno. Her kom Anders Skinnarland frå Rauland med rakfisk føre jol, og om våren kom Tor Oterholt frå Bø på veg oppover med grisungar.

Fantefylje laut dei hysa. Far fortalde at Oluf og Olava, med born, fekk ligga på "flatseng" i stogo. " Her ligger man, og her ligger man godt" sukka Olava etter ho hadde lagt seg.

I tunet på Nordistog gjekk og grendevegen til Kleiv, Bjåland, Sudbø og Øvre Berge. Borte ved Nordjordet gjekk vegen ned i ei dokk. Den jamna Guttorm og Olav Nordjordet med å køyre stein og mura opp ei høg "bryggje" då dei dyrka opp garden. Eit svært godt arbeid med handmakt, når ein ser på dei store steinane i muren.

Då biltrafikken tok til, hadde bilane store vanskar med å koma opp Gardslibakkane. Dei fekk ikkje nok bensin, då dei hadde vakum-tank i staden for pumpe som no. Sume laut snu, og rygge opp. Olav Sudbø fortalde om mang ein springmars, då dei som gutar køyrde ein bil som streva i bakkane. Men dei kom som regel for seint!



Bestefar og engelskmannen.

Så var det driftene kvart år. Om våren kom sauedriftene som skulle på beite i fjellet. Seland og Treskow hadde kvar sine. På Nordjordet var det troer, der dei kvilde om notti. Um hausten kom dei att, og ved dyrskutider kom storfedriftene.

Ein gong kom ein engelskmann i ein bil, bestefar stogga han, for han meinte at han køyrde så fort at han skremde hesten. Men engelsken hans var nok litt mangelfull. "Te hors is redds", sa bestefar. Engelskmannen skjøna ikkje, og bestefar tok det oppatt, høgare for kvar gong. Men det gjekk bra.

Så kom rutebilane. Hellek Roheim frå Bø køyrde sumarrute Bø-Dalen med ein stor sjuseter kalosjebil. Rauland-Lårdal Billag tok til å køyre turar til Bø og Skien ein og to gonger i vika fyrst i trettiåra. Alt i 29-30 vart trafikken såpass, at ein stundom laut stå og vente når ein skulle ut av låven med hest og høyvogn her på garden, då låvebrui gjekk heilt ned til vegkanten.

Etter kvart vart trafikken for stor til at gamlevegen var tenleg. Ny veg vart planlagd, og etter ein del lokal strid om linjeval, vart "nyvegen" bygd. Den var ferdig til opning sumaren 1937. No er den vorten lokalveg og historie.

Steinar Berge.



Nordre Berge 1911.

Attlagde plassar i Vrådal

Haland u/Søgard-Kråkenes, g.nr.1, b.nr.1.

I søndre enden og i utkanten av den opphavelig dyrka jordi på Søgard-Kråkenes låg plassen Haland. Avgrensa i sudaust av skogen mot Refskil, mot sud av Halandstjønne og på andre sida Kråkenespølen. Millom vatni vart det drege ei line tvertover ved nokre berg i jor-det, som var grensa mot nordvest. Navnet skal kome av at Jens Jon-sen, som rydda plassen, kom frå Hadeland.

Det er ingen gamal plass og ikkje fekk den så lang levetid heller. Jens Jonsen, f. 1831 på Haugtvedt i Gran på Hadeland kom til Krå-kenes som tenestegut på slutten av 1850 talet. Ryktet vil vite at det ha gjenge noko ut økonomisk i heimen og difor tok han ut. Det fyrste me høyrer om han er at han fær festebrev på Aarstad 13/9 1858 av Knut O. Skjelsvik som hadde kaupt Kråkenes av det offentlege i 1856. No feste han burt alle 5 plassane som høyrde til. Aarstad var nett ledig då folka der hadde reist til Amerika året fyre. Det var nok stordrift i skogen han tenkte på. Dessutan trongst mykje arbeids-kraft på den store garden. Det er fortalt at då prestane dreiv, kunne det vera opp i 12 slåttekarar som gjekk skårgang samstundes.

Skjelsvik selde garden att i 1862 til Steinar Kråkenes, som heller ikkje sat med den so lenge, og deretter vart garden dela.

Det er lite truleg at Jens Jonsen flutte til Aarstad eingong, men var på Kråkenes som skog- og dagarbeider. I folketeljing 1865 finn me tri ugifte menn på Haland som alle er tenesteytande på Kråke-nes. På sjølve garden bur det 10 stk. då.

I 1867 gifter Jens Jonsen seg med ei tenestejente som og hev kome til Kråkenes, og som og er innflyttar: Enke Liv Sørensdotter f. Kåsa 1829. Ho var dotter av Søren Hegna, Flåbygd.

Jon og Liv rydda og stelte, so det vart ein fin liten plass. Det var helst litt beitemark og skoggrunn dei tok fatt på. Etter måten var det god jord og ikkje so utsett for turk som elles i Vrådal. Dei fødte ku og gris som var det vanlege den tid. Beite var det mest ikkje, men dei hadde vel kua i sumarbeite saman med Kråkenesbuskapen, som var mykje vanleg då.

Liv var flink med hendene og tok på seg spiting og saum for folk. Ho dreiv og å koppa folk og sette iglar på dei når dei var plaga av ymse skavankar.

Jens (Haland 1.) døyde tidleg, men Liv vart gamal og budde saman med sonen Søren og kona hans til ho døyde i 1924.

Som me alt har nevnt, var det mange i huset på garden, og det var vel Steinar Kråkenes som sette opp huset for tenarar på Haland straks han hadde overtekje. I 1865 bur Jens Jonsen, Olaf Jørgensen og Sámund Kittilsen her.

Husi på Haland låg på høgaste ryggen millom Tjønne og "pølen", omlag midt på stykket. Det var ei vanleg tømre med stoge og kam-mers. Uthus i reisverk med tømra fjøs inne. Husi låg jamsides kvar-andre med vegen frå Kråkenes til Revskil og over Småstraumane millom husi. Stoga på sida mot "pølen". Det var stutt veg ned til fjor-den der dei henta vatn og hadde ei halvtekkje, halvvegs inn i jord-bakken som dei nytta til eldhus og sumarhus. Ein alle av pil langs vegen til vatnet, der "pråmstøi" også var.

No er husi rivne og alle merke etter plassen borte. Jens hadde steds mål på plassen på sin og konas levetid. Dei fekk tvo born, bår fødte på Halland: Jon f. 1869 og Søren f. 1871.

Eldste sonen Jon (Haland 2) gifte seg i 1896 med Anne Gunleiks-dotter f. 1877 (Lauvstad 6.), og dei budde på Haland det fyrste dei var gifte. Dei fekk sitt fyrste barn der: Liv Turine f. 1896. Men dei flutte truleg året etter til Stalland.

Det var den andre sonen Søren Jensen (Haland 3) som kom til å overtake Haland. Han vart gift i 1810 med Anne Sveinsdotter Berge frå Seljord f. 1880. Dei fekk 5 born, alle fødte på Haland. Jens f. 1910, Svein f. 1912, Liv f. 1914, Gunhild f. 1916 og Hilda Marie f. 1919.

Søren var ein uvanleg flink og trottug arbeidskar, serleg som tøm-merhoggar og grøftegravar var han navns purd. Ein flink skyttar var han og, både som jæger og på bane. På jakt i skogen var han "gåiga-re" enn andre, trass i at han såg berre på eine auga. Som gjætargut fann han ein dynamittknall etter eit vegarbeid, banka denne med ein stein og miste synet på eine auga. Saman med Gunnar Kråkenes og eit par andre var han av dei drivande krefter for å få skyttarhus og bane som vart bygde på bergknattane nord for Kråkenesgardane. Også då Samvirkerørsla kom til bygd i var han av dei fyrste. Godt humør, og god til "å tulle", høyrde eg dei gamle sa.

Då Halvor Gudbrandsen Kråkenes, som hadde vore den største arbeidsgjevaren hans gjennom eit langt liv, vart gamal, var det aktu-elt å skifte eigedomen over til dei mange sønene han hadde. Kristian som hadde overtekje Refskil, fekk då innmarki bortom den sokalla "Kanalen" (utløpet av Halandstjønne), og plassen Haland som tillegg-sjord til sin eigedom den 11/5 1920.

Søren sat vel på bygselen av mor si, men ho var no eldgamal, so

dette var vel ordna, og Søren kaupte seg eit jordstykke i nærleiken av vegkrysset ved Furuheim. Kjetil Kiland, som då åtte Heiastykket, selde frå nokre hustomter der då. Der husa han på sine gamle dagar og flutte dit med huslyden sin. Han døydde der i 1956. Kona Anne døyde eit par år fyre, i 1954.

Lauvodden u/Kråkenes g.nr.1, br.nr.1.

Frå Kråkenes skog ved plassen Kilane, stikk fram ein lang tange eller odde, rett mot øya Krintolen. På innsida hev ein so Joresbukta mot Refskil og på utsida Nisser. Millom Lauvodden og Krintolen Lauvoddsundet som er nokso grunnt, so ved lågvatn kunde ein gå tørrskodd over.

Det er ein gamal, men heller liten og skral plass, utsett for turk, utan nemnande beite og andre rettar. Men lauvskogen voks viljug her mot sola, som ein krans om innmarka, derav namnet.

Husa låg ytst på odden. Ei tømra løe med låvebru med gang og fjøs litt lågare røsta innåt slik skikken var, i lengderetning som odden. Vinkelrett på, litt lenger bak ei tømra stoge av vanleg modell. Løa stod til langt ut i 1920 åra, men stoga var nedrotna eller rive lenge fyre.

Dei siste som budde på Lauvodden var desse: (Hev ikkje havt kyrkjeboka.) Anund Jørundsen f. 1772 på Sinnes (Roholt 104) var gift 1. gong med enka Sigfrid Håvardsdotter (Byggstøyl 15) f. 1767 og hadde tvo born med henne. Dei vart gifte i 1801, men kom ikkje til Lauvodden før etter 1810. Sigrd døyde i 1834 og han gifte seg att i 1836 med enka Guro Tarjeisdotter f. 1790 (Eidstoi 8), men hadde ikkje born med henne. Han døydde på Lauvodden 1852 og ho i 1857.

Medan han var enkemann fekk han bror sin Hans Jørundsen Apalstøi f. 1800 (Roholt 113) og kona hans Birgit Gunnarsdotter f. 1810 (Lønnegraff 17) med seg i huset. Dei var gifte i 1830 og kom frå Moen med eit barn: Alet f. 1833. Dei fekk tvo barn på Lauvodden: Signe f. 1836 (vart gift med Tarjei O. Skree) og Gunnar f. 1839. Dei flutte til Apalstoi kring 1840 og reiste seinare til U.S.A. i 1861.

Kråkenesgarden, som denne plassen låg under, hadde i lang tid vore i offentleg eige (Kviteseid kyrkje), men vart no i 1856 selt til skipskapteinen Knut O. Skjelsvik. Ein god bit av skogen var alt selt frå i 1831. Skjelsvik kaupte vel på spekulasjon, for han sel egedomen att i 1862 til ein annan spekulant, Steinar Torjusen Nordgarden frå Froland i Mo. Han skreiv seg no for Steinar Kragenes, var borte i

fleire eigedomshandlar, og dreiv og lastebåten Kragenes på Bandaksvassdraget. Det var nok stordrift i skogen som sat i hovudet på Skjelsvik, for på kort tid i 1858 skreiv han ut festebrev på alle plassane under Kråkenes. Soleis den 28/6 til Anund Olavson på Straume (Straumhaug) og til Jørgen Tarjeisen Holte og kona på Lauvodden dagen etter. Den 13/9 til Kj. Rollevstad på Dårslupmyri, til Jens Jonsen på Årstad og til Lars Gustav Andersen på Kilane.

På Lauvodden budde inderstar som Anund Jørundson hadde tekje inn etter at han miste kona si: Johannes Larson f. 1829 (Viking 33), gift 1854 med Anne Øysteins-dotter f. 1834 (Aarstad 25). Dei tri fyrste borna deira var fødte på Lauvodden. Signe f. 1854, Lars f. 1856 og Øystein f. 1858. No flutte dei til Nordskog.

Det ser ikkje ut som den nye brukaren Jørgen Tarjeison Holte og kona bur eller utrettar noko serleg på Lauvodden, for straks etter finn me Berte Halvorsdotter f. Homman 1831 (Jonsson 6) gift med Hans Tykeson f. 1826 i Flåbygd på Lauvodden. Dei hadde eit barn med seg; Kari, f. 1856 på Homman. Dei hadde ialt 12 born, og alle dei andre var fødte på lauvodden. (3 døydde små).

Det var Mari f. 1859, Tyke 1861, Halvor 1863, Ingebjørg 1864, Margit 1867, Sveinung 1869, Olav 1873 og Gunhild f. 1874.

Trass i at dei var so mange, tok dei inn inderstar. Det er trøngt om husromet i denne tida. Foreldre må ofte hjelpe borna med same dei gifter seg og hjelpe gamle foreldre og skyldfolk. Det er reint utrueleg kor mange dei kunde stue inn i "stoge og kammers", som var det vanlege denne tida. Nye plassar er det ikkje godt å finne plass til, og amerikafeberen rasar. Borni må ut på teneste so snart råd er, sume jamvel delvis før konfirmasjonen og ungdomen. Serleg jentene gifter seg unge. Men det var eit ordtak i bygda: "Er det hjarterom, so er det husrom". Skal tru om det ikkje er skapt i denne tida.

Liv Olavsdotter f. 1832 (Svollsbru 189) gifter seg 1861 med Gunnar Olavsson Gjerlid f. 1834, kjem til Lauvodden og fær eit barn der; Sigurd f. 1863. Dei flyter etter kort tid til Askedalen.

Eldste dottera i huset gifte seg i 1876 med Aslak Johannesen f. 1842 (Utsund 75), og fær eit barn, Johan, same året. Johan blir født på Strånd, der foreldra bur frå først av. Etter 1-2 år må dei ty til Lauvodden. Der fær dei et barn til, Hans f. 1881, men flyter før 1885 til Holte. Då kjem gamlingane Torbjørn Tarjeison f. 1804 (Fossøy 39) g.m. Gunnhild Tovsdotter frå Lårdal f. 1803. Han døydde på Lauvodden 1886 og ho kom seinare til Holtskil der ho døydde 1893.

Hans Tykeson slo seg ihel under tømmerrenning i Uddedalsskote 1886. Enka sat vel med jordvegen nokre år, men reiste truleg til ei av

døtrane sine på Vegårshei. Sidan vart jordvegen driven som slått innåt hovudbølet fram mot andre verdenskrigen.

Berre den eldste og yngste jenta gifte seg innan bygda og vart buande der. Tvo vart gifte til Vegårshei, tvo strauk til sjøss og resten utvandra til U.S.A.

Gunnar Kråkenes som åtte S.Kråkenes 1921-41 var ein ivrig gardbrukar og sat med stor buskap, so han skaffa seg ei stor ferje og lauva og slo Lauvodden og frakta avlinga til Kråkenes so lenge han levde. Deretter voks det til med skog og kratt.

Det var vatnet som var viktigaste ferdselsvegen for plassane ut mot Nisser, og på alle øyane som ligg omkring. Isen legg gjerne tidlegare her, men kan vere stygg mange stader innåt sund og holmar. Tvo unge gutar drukna her i bukti millom fastlandet og Lauvodden den 28/12 1885. Det var Halvor Aslakson Aakre frå Nissedal og Øystein Johnsen Midtbø f. 1863. Dei hadde vore ute på ei tilstelling og kom att utpå natti. Dei tok ein beinveg som var mykje nytta langs ei tømmerslepe som gjekk ned til vatnet framfor det smale utløpet frå Kiland-tjønni, der det jamt er tievatn. Dei kom vel for nær her, og gjekk gjennom. Folk merka ikkje nokon ting før dei ut på neste dag oppdaga tvo hattar som låg og flaut.

Tor O. Sanden

Då Lars Omtveit frå Brunkeberg reiste til Amerika.

I midten av 1800 året reiste mange frå Kviteseid over til Amerika. Det var oftast trongt om plassen og vanskeleg å livnære seg for folk flest. Gardane skifte mange stader både i to og tri luter. Dei som ikkje fekk jord, laut fikta for føda i ei lita stove under ei døkk li eller ein turr rabbe, som husmenn.

Det var i 1925 at sluppen "Restaurationen" frå Stavanger sigla til Amerika med dei fyrste emigrantane. Men årviiss tok utvandringa til frå 1836 og var vel størst i åra framover. Reisa kunne vera både lang og hard. Mange døyddes og vart gravlagde i havet. Mange kom væl fram til den grenda der dei fann folk frå heimbygda, og her fekk dei

so mykje jord dei måtte rå med. Ved hjelp av skyldfolk og vener fekk dei hjelp i den fyrste tida. Dei fekk ein stad å bu med dei rydda åkerland og venta på den velsigna grøda. Dei sleit hart og mange døyddes i tidleg alder.

Me er so heldige å ha ei skildring av ei reise til Amerika i dei dagar fortalt av Lars Omtveit frå Brunkeberg. Han reiste saman med far, mor og syskin, og reisa tok omlag 8 veker.

Då emigrantane gjekk ombord i skuta "Amalie" av Porsgrunn møtte dei havet for fyrste gong. På skuta var det trongt og innestengt, og på havet skulle dei bu kanskje i månader. Dei var usikre og utrygge der dei gjekk over skipsdekket, og kjente seg utlevert til noko dei ikkje kunne rå med. Det var stille og tåkedis denne dagen skuta forlot havna, og skuta gleid sakte og roleg mot det opne havet. Ein liten flokk utvandrarar hadde samla seg på akterdekk. Dei stod der litt tunge og tankefulle. Dei stirde inn mot land, men etterkvart som landet kvarv burt kjente dei ein klem for bringa.

Då dei hadde vore i sjøen nokre dagar braut det ut sjukdom ombord. Dei trudde det måtte vera nervefeber. Med smått og stort var det 420 emigrantar ombord. På reisa døyddes 85 menneske. Lars som då var 11 år fortel at det blei slege saman store kasser, og her la dei lika anføttes då dei måtte spare på trematerialane. Lars og dei andre gutongane bar stein frå lasteromet til å leggja i kistene so dei skulle søkkje. Far til Lars, Trond Omtveit, måtte stundom vera både prest og klokkar, dele ut medisin og trøyste dei sjuke.



Reisa mot Amerika har starta.

Her fortel han om ei gravferd på havet:

Det var en stille og vakker morgen på Atlanterhavet. Solen skinte fra en høy og klar himmel, og båten gled for sakte bris. Havet kruset seg i lange rolige dønninger. Det var som om himmel og hav forberedte seg til det som skulle skje. Skipets flagg var heist på halv stang. En flokk av emigranter hadde samlet seg på akterdekket. De stod i en halvsirkel rundt en lem. På et par lave bukker hadde man lagt noen planker, og på lemmen lå en avlang bylt i seilduk. Hodet var vendt inn mot dekket og føttene mot havet. En uvant opplevelse for utvandrerne. Rett nok hadde de fulgt sine kjære til bygdas kirkegård, men da var de døde liksom hjemme likevel. Rundt seilduken stod i dag en bonde og hans fire morløse barn.

Skipperen fungerte som prest, og stemte i med den kjære og kjente salmen som blev brukt ved gravferd. I en liten avskjæring hadde man jord fra Norge, og tre skuffer fulgte den døde i havet. Alle stod der fortapte med bøyde hoder og foldede hender.

-Av jord er du komen, til jord skal du bli, men av jord skal du gjenoppstå! Alle var så stille, bare lyden av jord mot seilduken brøt stillheten. Så sang man den siste avskjedshilsen, tegnet ble gitt, og den døde gled ut i havet. Så hilste man den døde for siste gang ved å heve og senke flagget tre ganger.


Harald Oppebøen

M. B. Lanstad

Salmediktaren, sokneprest M.B.Landstad er kjent over heile Moreg. Den kjente og kjære salmeboki hans er bruka over heile landet.

Folkeminnesamlaren M.B.Landstad er også godt kjent. Han gjorde eit storverk med å samle folkeviser og segner i den tidi han var i Kviteseid og Seljord. Han var sokneprest i Kviteseid frå mai 1834 til mai 1840.

Me ha prøva å leite fram minne frå tidi hans her i Kviteseid. Det er ikkje so mange minne me har. Munnlege tradisjonar er det lita att av. Av skriftlege er det meire. Han har skrive nokså mykje i Kaldsboki for Kviteseid. Ellers er det så mange som har skrive om han, H. Nilsen og R. Berge mellom andre.



M. B. Landstad teikna av Harald Oppebøen.

Me veit at han alt medan han var i Kviteseid, heilt frå fyrste tida, samla folkeviser og segner.

Det syner seg at han alt i 1834 eller 1835 førte inn i kallsboki for Kviteseid visa om "Stout Anne på Borrestad". Kallsboki syner og at han alt med det same han kom til bygdi, tok til å skrive prestesoga, den var for "stemoderlig behandlet". Her flettar han inn segner, vers og antikvariske opplysningar.

Før me gjeng meire inn på kviteseidopphaldet til M.B.Landstad, skal me fortelje litt om ætti hans, som kom frå garden Landstad i Verdalen, ein fjordungs veg frå Stiklestad.

Bestefaren, Jon Landstad, var bonde og hadde ein gild gard. Han hadde 6 barn, ein av desse var Hans Landstad, som var født i 1771. Han vart 1797 sokneprest i Måsøy i Finnmark, like ved Nordkapp. Her vart Magnus Brostrup Landstad født 7. oktober 1802. Det var triste og tunge kår soknepresten og familien hans måtte leva under. I 1804 vart han utnemnd til sokneprest i Øksnes i Vesterålen. Her var ikkje stort betre enn oppe ved Nordkapp. So vart han i 1811, utan sjølv å søkje om det, utnemnd til sokneprest i Vinje i Telemark. Det var ei lang og kostbar reise, med mange vanskar før han kom fram til Vinje. Det var krigstid, og vanskeleg å koma fram sjøvegen. Det fekk huslyden Landstad merke.

I 1819 vart Hans Landstad utnemnd til sokneprest i Seljord, og her var han til han døde i 1839, velso 67 år gamal.

M.B.Landstad hadde sine barne- og ungdomsår i fjellbygdene, og folkeliv og folkelynne sette sine merke på han, og vekte interessa hans. Han var av bondeætt, og heile livet sitt lika han best landsbygdi og det einfeltdte livet mellom trauste bønder og småkårsfolk.

Han tok teologisk embetseksamen i 1827 med Laud, og i 1828 vart han residerande kapellan i Gausdal. I mai 1828 vart han gift med Wilhelmine Margrete Marie Lassen, som vart ein god og trufast medhjelpar for han, og ei kjærleg og omsorgsfull mor for dei 12 borni dei fekk. Han hadde sine lukkelegaste år i Gausdal.

I mai 1834 vart han utnemnd til sokneprest i Kviteseid, og kom attende til kjære og kjente plassar i Telemark. Prestegarden Kviteseid gard var ein idyll, med vakker hage, og vakker utsyn. Nede i hagen står enno lindetrei frå Landstads tid, i ein krull. Inne mellom stammene er bygd eit golv med bord og benkar på, eit "lysthus". Det vert fortalt at her sat Landstad og skreiv og dikta. Tradisjonen fortel at her skal den kjente salma "Jeg vet mig en søvn i Jesu navn" vera dikta. Men det er nok ikkje rett. Denne salma vart fyrst kjent i 1861, altså lenge etter at Landstad hadde reist frå Kviteseid. Men i alle høve er denne staden ein idyll av dei sjeldne. Det er sagt at Landstad

skreiv denne salma etter at sjukdom og sorg kom inn i familien hans, og det gjorde den i Kviteseid.

Den uendeleg vakre julesalma "Fra fjord og fjære, frå fjell og dypen dal" kan vera skriven på Kviteseid gard. Mykje av det han skriv om, hadde han framfor seg, og kan stemme med det han kunne oppleve på den gamle prestegarden. "Her ute kulde er nå, og dypen sne", det kan vera både kulde og snø i Kviteseid.

Hagen på Kviteseid gard var planta av ein av prestane før han, av Niels Windfeld, som var sokneprest til 1810. Han hadde stor interesse for opplæring av born og ungdom i bygdi, og hadde gjort opptaket til skiping av Kviteseid Seminar.

Denne skulen hadde Landstad stor interesse for. Her traff han Olea Crøger, som ei tid var huslærer for borni til futen Florentz, og som også var lærarinne på seminaret. Landstad samla folkeviser, og det same gjorde ho. Det vart eit godt samarbeid mellom dei.

For Landstad vart ikkje opphaldet i Kviteseid so lett. Reisene innan heradet var lange og tunge, og inntektene små.

Det ser ut til at han ikkje kom so godt over eins med kyrkjelyden til å byrje med. Klokkaren var ein bra kar, men han hadde for store tankar om seg sjølv, tykte Landstad. "Sundbygdherrane" og fleire av dei store hadde forloren bysvip, korkje det eine eller det andre, og Landstad lika ikkje slikt. Han var ingen bymann eller elskar av bylivet, og fann ikkje sine ideal mellom dei. Han kom meire til å halde seg mellom småkårsfolki, hos dei fann han dei gamle kulturskattane gøynde, det norske, som han leita etter både i arbeid med folkeminnearbeidet sitt og som diktar av mange vakre salmer med norsk lynne, i motsetnad til det stive språket som vart nytta.

På den andre sida kan det nok ikkje nektast anna at den fåmælte, lite selskapelege presten ikkje var etter folkemeiningi heller. Tidlegare hadde det vore gode talarar på preikestolen, men Landstad var ingen talar. Han hadde ein turr hoste som kom att alt i eitt i preika. Difor hermer dei etter Hans Kvålset då han kom med kornreida: "Det var mykje lettkorn i kornet ditt, Hans", sa presten. "Det var mykje hoste og harking i preka til presten au", svara Hans.

Han sa det, seinare klokkaren, stortingsmannen Knut Taraldsen, som ei tid var huslærer for ungane til Landstad: "Han ha kje noko 'ytre gåver' -talegåver, var lågmælt når han tala, og hadde ein skrækhoste". Landstad kunne vera streng i kyrkjeskifti og la i det heile botskristendom i prekene sine. Den "glade kristendom" var ikkje noko for han. Det kom vel helst av at han hadde eit heller mørkt syn på livet, var tunglynt og sårnæm, skriv R. Berge.

Likevel er det sikkert at Landstad vann kyrkjelyden sin i Kvite-seid. Han fekk hendene fulle med arbeid, var med i fatigstyre og skulestyre. Særs godt kom han til med dei gamle og fatige, dei små i samfunnet. Han tala med dei og trøysta dei, og hjelpte dei.

Sine kyrkjelege interesser dyrka han ogso med salmediktinga si. Han skreiv mange salmer og sangar medan han var i Kviteseid. Dette er spirene til arbeidet med salmeboki hans.

Det verste for Landstad var at i den seinste tidi han var i Kvite-seid, vart han og nokre av familien hans råka av nervefeber. Heldigvis kom dei seg alle, men for Landstad vart den lagnadstung. Han hadde nemleg, driven av iver og pliktoppfylling reist ut for tidleg i soknebod. Han fekk lungebetennelse og var svært klein. Han kom over sjukdomen, men fekk ei varig svekking i lunga, og han som før hadde vore frisk og sterk, vart veikhelsa. Stemma hans vart øydelagt, so det var vanskeleg å høyre talene hans. Dette gjorde til at kyrkjesøknaden minka. Dette gjorde han sjølv sagt vondt. Han fekk ei viss erstatning ved å gå rundt om i heimane, der han kom kyrkjelyden mykje nærare. Han vart elska og avhalden av småkårsfolk, og mellom dei gamle i kyrkjelyden var han alltid ein kjær gjest.

Me skal ikkje her koma meire inn på Landstad og Kviteseid, me skal bare nemne at han, då faren døydde i 1840, flutte til Seljord, der mori og fleire av syskuni budde. Her var han til 1848, då han flutte til Fredrikstad. Der var han til 1859, deretter vart han sokneprest i Sandar, ved Sandefjord, der han døydde 18. oktober 1880. Han og kona ligg gravlagte på Vår Frelsers Gravlund, der Den norske kyrkja nokre år seinare reiste ein minnestein på gravi hans.

Olav Botnen.

(Artikkelen om Landstad er tidlegare trykt i Varden. Han var med i serien om Kviteseid-profilar som Olav Botnen skreiv.)

Husmannsplassen Dalastaul

Dalastaul var plass under Nedre Vesterdal, og låg oppe på ein liten haug tett ved allmannvegen som går gjennom Dalane. Om plassen ikkje var av dei største, so var den lettvind å koma til, og hadde ikkje

so lite med dyrka mark. Ein liten hage var der også, med nokre epletre og bærbuskar. Ei kyr og nokre småfe kunne dei visst fø på plassen. Om plassen heiter det i 1855: Afgift 6 4/5 Spd, føder 1 Ko og nogle Små kreaturer, 7 Tønder Korn, 12 Tønder Poteter.

Kor gamal plassen er, veit ein ikkje, men ein må vel tru at der heve budd folk frå fyrst i 1700 og kanskje lenger attende.

Dei fyrste folka ein veit om som budde der, var Torstein Knutson og Gro Aanondsdotter i 1772. I år 1780 heve Knut Øysteinsson og Margit Andersdotter budd der ei tid, ja fram til Knut døyr der i 1814. Seinare, framover mot år 1830, heve Torvild Aslaksson og Såve Olavsdotter budd på plassen. Dei hadde 11 born, 6 av dei reiste til USA då dei var vaksne.

Frå 1830-åra heve Eivind Aslakson og huslyden honoms budd på Dalastaul. Og denne ætta held fram å bu der til dei siste reiste til USA rundt 1890.

Etter den tid budde der folk av og til. Dei senste som var på Dalastaul var Aslak og Aashild Vesterdal i 1932.

På Dalastaul tek vinden kraftig både frå nordvest og sudaust. Ein gong for lenge sidan skal vinden hava reist med låvetaket, og for visst ille med dei andre hustaka også, er det fortalt.

Ende nord for Dalastaul var det på den gamle allmannavegen ein stad som heitte Dalastaulkleiva. Der skal ein mann ha fryse i hel for lenge sidan. Det er fortalt at dei fann honom ein vintermorgon sitjande i snobrauta stivklaka. Etter dette gjekk det rykte om at det spøkte på denne staden. Folk både såg og høyrde så mangt der, er det fortalt.

No er det berre den gamle låa som står att av husa. Elles er plassen for det meste attgrodd.

Aasmund Bjørnflaten

Tormod Knudsen Borgejorde

Me tek med "Dala-visa", dikta av Tormod, nedskriven slik Egil Askje minnes ho vart sunge i Lårdal. Etter "Dala-vise" fyljer ein sang henta frå boka "Blandede Rimerier" som Tormod gav ut.

Ja, i Vesterdal likar eg folkji so væl,
te å traktere gjestir er Såve so fæl.

Gamle Olav, like so han av alle æras må,
båd' av unge og gamle og store og små.

På Tveit talar Sámund so ustolne ord,
og Birgit ho dukar so ofte sit bord.
Der er Flekstveitheii nest,
der kjem fram so mang ein gjest,
av reisande personar til fots og til hest.

I Omdalen der bur ein skjeibindar mann,
og han er nå liten og pjuskeleg han.
I Kleivmorkji er tvo,
det er Auver og Gro,
den tree er Eilev som saume kan sko.

I Uppigard der er fornøye å bu,
ja der liver folkji i fredeleg ro.
Men det er jentune som vel,
og det er uro mang ein kveld,
men det bli fulla Eilev som Aslaug beheld.

Ja, Midtbøen ligge so fint i ei lid,
og der heve Johans båd' borse og ski.
Men når krue tek fyr,
skjyt han fuglar og dyr,
og bjørnen han au heve lagt ivi styr.

Jan Hommen han liver so godt av si jord,
eg likar dei bra både Gunnar og Tor.
Nå hev Øystein blive mann,
men eg Tarjei rose kan,
for han kan båd' skjenke og drikke ein dram.

På Landsverk hev dei skjeldan for jentune fred,
men det er uvist å vita hot jentun snur te.
Men i joli var det sut
på so mang ein fornem gut,
for Tor han stengde dynni og loka dei ut.

En tellemarkisk Oldings Sang ved Kaminen paa en stormende Vinterdag.

Mel: Hvor herligt er mit Fødeland

Huf! denne Vinterdag er kold!
Hør Boreas hvor barsk han tuder,
Og ryster de rimfrosne Ruder,
Der neppe modstaaer Fiendens Bold.
Den hvide Dragt som klæder Jorden,
Til Stormens Legetøi er vorden.
Jeg gammel er, og kold og svag.
Kaminen er min Trøst idag.

O, da jeg var en munter Dreng,
Flød Blodet varmt i mine Aarer;
Jeg holdt de gamle Folk for Daarer,
Som kaldte Vinteren kold og streng.
Paa mine Furuski at glide
Ned over Bakkens steile Side,
Det var min Ungdoms største Lyst,
Og naar jeg faldt, saa nok en Dyst.

Da jeg var tregang aatte Aar
Jeg elskede en herlig Pige.
Hun var så skøn - og god tillige-
Saa blid og yndig som en Vaar.
Til hende lige fro jeg ilte,
Om stormen fnøs, om Solen smilte,
Og når jeg fik et Kys i Løn,
Jeg var så stolt som Martis Søn.

Jeg hendes Haand og Hjerter vandt.
Vort simple Huus blev Lykkens Bolig;
Vi delte Dagens Byrder trolig,
Fra Morgengry, til Solen svandt.
Naar da de Smaa sig om mig slynged,
Og jeg paa mine Knæe dem gynged
hun smilte kjærlig til vor Lyst,
Og glæden svulmed i mit Bryst.

Nu hviler hun i Dødens Havn,
-Fred med dit Støv du ædle Qvinde!
Du lever evig i mit Minde,
Jeg føler tungt mit bittre Savn -
Mit matte Blik, de rynkne Kinder,
Og tynde Sølvhaar mig minder,
At snart min Tid er svunden hen,
Og hisset møtes vi igjen.

Naturfenomen i Kviteseid.

Paraplysteinen.

Steinen med dette namnet ligg på høgdedraget i Huvestadmarka, ca. 700 meter over havet. Staden ligg aust for ein fjellknatt som kallast Diplane. Ein gamal, attlagt støy, Haugestaul, ligg like nordvest for steinen. Steinen er stor, 5-6 meter i tverrmål på det breidaste. Han har form som ei stor plate med skeive hjørne. Plata er over meteren tykk. Steinen ligg på ein annan stor stein, også i form som ei plate, men er mykje mindre, slik at steinane i hop lagar ein hatt eller paraply. På den eine sida er utspringet mykje større enn den andre, og er omlag 2,5 meter, slik at det var ein romsleg paraply å stå under i regnver for gjætarane. Det var fram til 1930 åra vanleg å gjæta husdyra i skogen.

Paraplysteinen har truleg blitt til under isskuvinga og avsmeltinga under siste istid. Avsmeltinga har truleg gått så fort i denne perioden at store isblokkar har stranda på underlaget. Og når så isen smelta, har større og mindre is-blokkar med stein og grus blanda, rasa ut og blitt liggjande. Dette går og fram av at det i nærleiken ligg mange større og mindre steinar med skarpkanta sider, og som alle er av ein annan slag bergart enn fjellet på staden. Dei er nemleg av såkalla konglomerat.

At steinane er restane av ein utvaska sidemorene, kan og vera rimeleg. Hovudmorenen må i såfall hava gått ut Morgedal, der det fleire stader ligg att større jordavsetningar i sida av dalføret.

Gråndalskyrkja.

Dette er ei jettegryte som ligg på ein av dei høgaste fjellryggane mellom Strauman og Sundkilen, rett sudvest for ytre Homman. Diameteren på jettegryta er ca 2 meter. Det er rasa ein del ned i botnen av gryta av jord og humusmateriale som har danna seg av vegetasjonen gjennom tidene. Forvitringa har og verka, slik at den eine sida av fjellet har rasa noko ut.

Jettegryta ligg på ein slik stad at ho må vera laga i ein periode under istida då Bandakvassdraget låg nedisa. Og då smeltevatn frå toppen av isbreen rann ned på fjellryggen i lang tid og svarva ut jettegryta.

Det verkar kaldt å tenkja seg tilbake til det klimaet som rådde i bygdene her då!

Kalkdjuvet.

Under fjellet Ordalssåta, på austsida, er eit ca 500-600 meter langt elvedjuv. Breidda på djuvet varierar frå 30 til 50 meter. Djuvet er størst øvst med omlag 20 meter og tek av nedetter, mest avdi det er rasa stein ned i botnen. Nenst nede, der også terenget slaknar av, går djuvet over i ur. Dette djuvet går i nordleg retning og endar i ein bekk som renn ut i ytre enden av Sundsbarmvatn slik det var før oppdemminga.

Geologisk har vel djuvet sitt opphav i at ein gang av bergarten kalkspat ligg her. Kalkspat er svært lite motstandsdyktig mot erosjon og forvitring, slik at vatn og is gjennom tidene har grave ut djuvet slik det er nå.

Finmateriale i form av eit kvitt pulver som fargar bekken gråkvit under flaum og snøsmelting, har botnfelt seg i hylar og stillestående kulpar. Erosjonen går nok for seg endå, om enn i liten grad.

Frå gammalt av har Kalkdjuvet vore kjent for staden dei henta skuremiddel og pussekalk.

Ei vandring langs Kalkdjuvet er ei mektig naturoppleving. Og staden er verd å verta kjent som eit meir enn vanleg turmål, og i friluftssamanheng.

Staden ligg i grensa mellom Kviteseid og Seljord med noko av grunnen på kvar.

Hallvard Dalen

Menneske eg minnest

Torjus Loupedalen fortel om Torjus Hemmestveit.

Det er vel året sea nå, 29. september ifjor. Torjus Hemmestveit stod i Skien og venta på bussen, på veg heim. Då kom døden og pusta livslogen ut, vel dei 53. Fort døde han, fort og intenst hadde han livt. Men jamt sterkare kjem den kjensla att: han var på veg heim, heim til folke sitt, til bygdi, til garden.

Han kom aller heim nok. Minne er so livans - det er som han gjeng og sviv her ennå.

Han var fødd på Hemmestveit nigard. Faren, Bjørgulv Torjusson, ein eldre bror til skiløyparane Mikkel og Torjus, døde med Torjus var liten smågut. Mor til Torjus, Hæge, laut frå garden. Ho og dei tri borni, Torjus og dei eldre syskine Birgit og Tallev, kom fyrst til Sollid, seinare til Kviteseid, var i Øyfjell eit års tid, so nedatt til Kviteseid. Endeleg etter årelang flakking og tungt slit svinga vegen heim til Morgedal att.

Hæge var ei heilhuga og helsesterk kvinne som ikkje so lett miste mote. I hennar rann dei gamle ættestuvane på Hemmestveit og Kallå i hop med eit friskt innslag frå Bø. Ho tok gardsbruk, ho stulla og sat på hei med store buskapar. Og der, millom husdyri kjende ho seg heime. Med åri blei ho kjend yvi heile Telemark for fine og gode kyr.

Torjus som yngsteguten fylgde og fekk i arv denne elskan til buskap og jord. Det Torjus med åri ikkje visste om buskap og rasar i Telemark var ikkje verd å vita. Morgonen fann ikkje Torjus sovans. Han er vak, lærenem og gløgg. Etter ein skulevet på folkehøgskulen i Seljord, gjeng turen til lærarskulen på Stord.

Torjus bli lærar. Fyrst trivlar han seg fram i ymse postar nokre år. Var i Høydalsmo, litt på Rjukan. Men i 1913 byd det seg post i Nordbygdi i Morgedal. Og dermed kom Torjus heim som skal vera - og for alltid - til Morgedal.

På denne tid kauper Torjus Haugan i Utbygdi og Hæge fær kvile foten under eige bord etter tunge og strevsame år. Vel eit tiår etter er ættegarden Hemmestveit oppigard til sals. Prisen var høg, men ættetufti drog. Torjus kauper.

Og no var han komen so langt på veg - heim.

Her var god jord, og her fann Hæge og gutane arbeid nok. Her fekk ho stulle og stelle ein stor buskap i hop med dei ho var so glad i dei seinste sjau åri ho livde.

Men fyri Torjus kom heim til Hemmestveit, hadde alt bygdi longe

teke han til seg som sin eigen son. Frå fyrst var han ein av "Hemmestveitane". Tallev hadde alt tidleg slege gjennom som ein av storløyparane her heime og endå meir i U.S.A. der han au var nokre år. Torjus kjem etter, bare gutungen å kalle er han i Gråkallen og Holmenkollen og i åri frametter er han å finne millom dei fremste skiløyparane frå Telemark. Som åri gjeng, blir han "Hemmestveit'n" i bygdi, eller Torjus, rett og slett. Han er lærar, han er ungdomslag og fråhaldslag og idrottslag. Men fyrst og fremst er han bygdegut, bygdemann og bonde. Det var guten og barne i denne mannslege karen som bygdi - og alle - blir glad i.

Dei kallar på han, skulen, bygdi og garden. Han svara ja og sette inn det han åtte av krefter, evner og hjartelag.

- Friskt skal det vera um enn det vert stutt - han song desse ordi so mang ein gong, dei kunne stande som motto yvi livsdagen honoms.

Han hadde nok ein gong havt i tankar eit dikt i prosa om bygdi og forne ætter. Det blei med eit fragment. Men han fullførde dikte i den ætti han sjav livde i. Han realisera seg i skulen, i gardsarbeid og lagarbeid, som idealist, sogumann og ein framifrå talar.

Ja - men han kunne seia nei. Han sa nei til å bli ordførar i bygdi, nei til tilbod om arbeid i ungdoms- og folkehøgskulen, nei då Telemark frilynte ungdomssamskipnad ville velja han til formann andre gong. Nei når arbeide førde med seg at han ikkje fekk kjenne bygdi kring seg og i seg. Han miste aller gleden barne kjenner ved å vera heime i bygdis tun.

Han slapp å kjenne livsens største armod, eit sinn som turka inn, ei tårekjelde som blei tørr.

Torjus hadde kunstnarens nerve og det varme hjartelag, gneisten som tende og tina upp i ei klaka stemning, replikken den blinksikre som løyste låtten, og med ei saltfrisk herme kunne han flengje ei lummer og lunka stemning.

Han var ein meister i ordleggjing og form, hadde i rik mon evna til å dramatisera og blåse liv i norsk soge og norsk dikting. Bjørnson, Ibsen, Vinje, Sivle, eventyri, bibelen. Kven minnest ikkje Einar Tambskjelvar, Olav Trygvasson, Arnljot Gjelline i hans tolking.

På hi sida, som ei slags motvikt, den tørrvittige replikken og den spelande ironien som i ein blunk kunne løyse ut den logne smilen, inneretter mot seg sjølv. Stri som nordavinden - og mild som ei mor. Han kunne setja seg so stilt og dele sorgi med den sutfulle og gleden med den glade. I skulen viska han ut grensa millom kateter og pult, han stridde ein innbiten og - for det meste - ordlaus kamp med å rive ned den forkalkingi som jamt og evig vil setje seg millom lære og liv.

Denne rotvaksne og språke kjempekaren som hivde på akslene og rodde so stilt fram i folkebroten på stevne og dyrskuplass lik fisken i vatne, kunne bli amper som ein unge når han skulle finne seg til rettes der bymaneren rådde. Då rømde han, alltid heimatt.

I skibakken førde han gamal tradisjon vidare i ein naturgjeven, roleg og djerv stil, i ungdomslage var det bygdi og bondens kultur, i tanke og tale, i leik og ålvor som han livde og upplivde i hop med dei unge - frå 16 til 70.

I meir enn 30 år var han åndi, varmen og viljen i U.L.Dølen, i idrottslage, i fråhaldsarbeide. Ei slik kraft var det bruk for i alle bygger. Som løypar, idrottsmann og foredragshaldar. Dei låntok han. Ingen, og aller minst han sjølv visste tale på alle dei gonger han i sine sprækaste år tok ski eller sykkel utom skuleveggen og gjorde turen til andre bygdar frå laurdags ettermiddag til måndags morgon, i vers og uvers kveld, i svarte og måneljose nettar. Verst på ski: Sveitt og varm stod han i skulen måndags morgon i iskaldt rom og let skjurta turke på ryggen. Han samla seg kjende og kjære minne, kjenningar og vener. Sylvskeier, pokalar og medaljur i haugevis fekk han. Men det var døde ting, dei var bare minne om glad kamp.

Det enda med harde influensasjauar med åri. Sykkelen sette au sitt merke - han skamslo seg stygt ein gong. Det var nere på. Men han rette seg upp og var den same å sjå til som før.

Han for til jordbruksskulen i Fana eit år som lærar. Men bygdi drog og åre etter var han heime att, i posten sin.

Og slik ser me han bert og tydlegast: I våren 17. maidagen, i morgonsol og lauvsprett under stongi med flagg smellande i vinden. Berrhovda, med smil og undring i augo seie han til bygdis born: I dag er me alle born - ser de bygdi! Han var ein av dei få som kunne stande på ein slik stad og seia dessi ordi. Han var ættene som hadde stridt seg fram gjennom tunge og lange år til eit fritt norsk flagg. Han kunne seia og syngje dagen ut med ein tone som var rein.

Han kunne refse og rive i det som var vondt og stygt. Han kunne bli harm so det dirra. Men alltid kjende ein varmen frå eit rikt hjarta som alltid var viljug til tilgjeva. Han fann ordi som fekk augo til doggast i smil, det menneskjemilde som fekk ein ulivd og fortvila til ljosome og tru, og eit barn til å smile.

Han var ein kjend og kjær gjest i garden der han kom. Det var kje ein han lyddes innom. Det var alt, det var heile garden: Huses folk, borni i tune, dyri på fjose, dei som var farne.

Han hiver på og stig inn. Helsar på deg med eit spørsmål i auga: Du er so heimleg? Hosse stend det til? Og som på eit stikkord er rødo

i gang. Som det skulle vera detti alle hev venta på. Og som gard og hei og bygd i rødo sviv framom kjem dei farne og i jordi gøynde til stades og sviv ei stund imillom ætti som er. Og virkedagen lyfter seg umerkjans upp i ein høgare røyndom.

Slik gjer han svingen i bygdi, lydest innom til farbroren Mikkell på Kallåk, til Halvor og Tone på Sollid, Johans på Skare, farsysteri Åse på Bygland, vefar og vemor - Greggar og Birgit - på Brekke, so ein kveld, so ein sundag. Kom når han måtte koma, alltid velkomen, beden og ubeden.

So tek tidi til supe etter pusten og syne eit nytt andlit. Alle kjende noko, men ingen visste: Feberen, uversmerki som varsla den totale krig. Torjus kjem i denne tidi meir og meir bort frå lagsarbeid og talarstol. - Eg kjenner meg så usikker nå, sa han.

Men i desse åri er han med, eller rettare - er den som får andre med - og fullførde sitt seinste store arbeid i bygdi: fær utskiftingi av beite, lauvskog og barskog i hei i gang. Det var motstand og strid og rettargang. Men det gjekk, og gjeng sin gang. Og han gledde seg då han etterpå kunne fortelje at ein av dei beiskaste motstandarane hadde møtt han med eit godt ord - det var seinste sumaren han livde. Og han nådde etter hånd fram til den djupaste og inste i si natur: å finne utruleg mange gode sidur hjå ein stakkar som andre vrengde det vonde ut på, jamvel hjå ein uven.

Nokle halvdregne ord om høgt blodtrykk let han falle av og til dei seinste 10-12 åri. Men pytt, hott gjore det. Seinste sumaren kom netter med tung pust - han slo det bort med ein liten lått.

Han hev visst det.

Torjus var ofte inne på dette som Kierkegaard hev forma slik: å be er ikke å høre seg selv tale, men det er å komme til å tie, og bli ved å tie og bie til den bedende hører Gud.

Han hev mått høyrte noko.

Men han møter deg som før, smiler og undrast: Jaso, er det du?

Men på sama tid er det som du høyrer fotslagi frå ein som kverv i kvelden. Eismal. På heimveg.

Og med eit brestande hjarte fylt av varme for bygdi og folke sitt gjeng han mot inngangen.

Hæge L. som snart er dei 90, minnest Torjus so tidt: Når eg ser soli renn på Kallåkeggjin kjen eg so i hug Torjus Hemmestveit. Seie ho.

Slik vil Telemark minnst han: Morgonvak og ung. Og slik nådde han det han sjav ynskte: å døy ung.

Segn frå "Kjåkheimgrenni".

Millom delet med noristogu Aasmundtveit og Haugland er eit lite dalføre som heiter Leite. Det ligg på Moen eigor. Ei segn fortel at det er gøymt ein skatt under ein heller i dette dalføret. Frå helleren skal ein sjå til Aasmundtveit. Når skatten vert funnen skal husi på Aasmundtveit brenne.

I 1938 brann eldhuset på suistogu, og då var det dei som lura på om skatten var funnen. I slutten av 1920 åri ville far få fram ei helle frå denne dalen, til dekk over ein bekk. Så kom gamle Harald Aasmundtveit forbi (d. 1932). Han lura på kva far dreiv på med, og far sa det skulle vera dekk over ein bekk. "Å nei, eg trur det er skatten du leitar etter, eg", sa Harald. Eg syns minnast at Torjus Loupedalen fortalde om denne segni, kanskje det var i skulen.

Tallev Moen.

Rimsmeden Kjetil Hauglid.

Kjetil T Hauglid på Brunkeberg var gardbrukar, smed og diktar. Eller "rimsmed", som han sjølv sa.

Han hadde gått i smedlære hjå Olav Halvorsen i Kviteseidbyen. Smed Halvorsen, som dei kalla han, går det enno gjetord om. Han hadde mange ungar, og reiste over til Amerika rett etter hundreårsskiftet.

Kjetil Hauglid laga ofte dikt og rim medan han smidde. Når han var ferdig med eit arbeid, det kunne vera ei øks eller ein plog, så sende han dei fra seg saman med eit dikt.

Me tek her med eit dikt han sende til Knut Loupedalen då han hadde sett i stand eit par plogar for han. Frå Loupedalen kom det svar, også dette på rim.

Me tek også med diktet "Smed Olav Halvorsen" der Kjetil Hauglid minnes tida hjå smeden i Kviteseidbyen.

Herr Knut Loupedalen

Stevtone:

No plogan dine i stand er laga
eg gjor det slik som eg alltid plaga,
eg til dei stelde so godt eg vann
og daa Du veit eg 'kje meire kann.

Eg la paa staa av det beste slagje,
og stelde plogen der fram i dragje,
og styre fata eg paa ei bot
so bet det held um det ber imot.

Aa meien den var so væl utsliten,
det er vondt for den som skal vera liten,
held den 'kje no tykkjer eg dæ æ rart,
det er hærda staa det Du veit er hart.

Den stillegreia ha og eit lyte
men no Du tarv ikkje for den syte,
no vill den greie seg som Du ser,
ein skruve var det som mangla der.

Dei gamle plogan er vande stelle,
dei nye vølar eg mykje helle;
det er ristilen som at er so lei,
paa dei nye der er han meire grei.

Ja plogan dine er ikkje rare
til hava paa slik ein druste gare.
Ein plog som er berr av jønn og staa
den tykkjer eg at er meire snaal.

Eg kronur tolv maa for stræve hava
etter som tierne no er laga,
det er nok dyrt eg må sanne det,
men eg saart det treng eg vil føia te.

April 1917

Vyrdsamt

Kjetil T. Hauglid

Hr. Kjetil Hauglid

Av nytt eg spyrje fekk med posten loudagskvelden:
at mine plogar tvo du heve havt i elden.
Eg kan dei, um eg vil, imorgo gjønne hente,
for hja den karen, du, me tarv 'kje lenge vente.
No gjeng dei - trass i brest med aaløgu og bøtar -
ja kanskje likso lett som smed paa verseføtar.
Eg fælte nok med meg, du leide blei og mødde,
naar slikt eit gamalt skrap du skulde uppatt fjødde.
De tippar nok og dryp, naar il og aas du sveisar,
og armstyrken trengst, naar du med hamrar deisar.
Dei Berge-Bjaaland-plogar veit du er 'kje rare;
du trur eg stod meg paa eg fekk meg fabrikkvare.
Men dei moderne, du, dei er 'kje utan meini:
dei veltar aakeren din so radvinnt ned paa reini.
So lenge dei no held, lyt dessi gamle gange.
Naar dei 'kje orkar leng meir, dei fær paa veggen hange.
-Betalingi, sjaa her er kronur tolv for slite.
Du var 'kje dyre no, du sette paa hell lite.
Tenk kol og jønn og staa i desse dyre dagar!
Sjaa verdi, gode ven, ho um og um seg lagar.
For arbeide og alt skal du ha takk og ære.
D'er snout nok nokon einn vild' hava gjort de bære.

Men som eg skulde sagt: flyt smio ned aat vegen.
Er viss um meir en ein i flutningi vert fegen.

22/4 1917

*Med vurnad
Knut Loupedalen*

Smed Olav Halvorson

Eg ser han Olav mang ei gaang,
han fram i minnet sig,
og lydt eg høyrer ambolt-klaang,
med røyk or smidja stig.

Eg ser han innved avlen staa,
med sveittedropan rænn,
aa der han sveisen passsar paa,
so ikkje jarnet brænn.

No ær han i sitt rette lag,
so spænt, so glegg han ær,
snart ljoar faste sleggeslag,
han sveisen saman slær.

I smidja stænd han dagen lang,
og trutt med sleggia slær,
so lydt det ljoar amboltklang,
so kjænd den ljoen ær.

Ja Olav var ein fagnamann,
so traust i all si fær,
han i mange boren si gleda fann,
dei honoms rikdom ær.

Han hev ein son som og ær sme,
godt greier han det fag,
aa all slag smiing fær han te,
og gjev det so godt lag.

Men Anne som at maatte staa
for huses stell og mei,
me heller ikkje gløyma maa,
ho var so god og grei.

Eg som at ær no læregut
maa hardt faa stande i,
um eg skall halda læra ut
og dugande faa bli.

Ja no eg byrja sveisa hev,
men leidt det ær faa te,
av gamle hesko gier eg grev,
utruleg ær vel de.

Hæge Kastedalen

Kvinna i Morgedal som redda Draumkvedet frå gløymselen

Når du har fare gjennom Morgedal og kjem opp mot Morgedalsheii, kjem du til eit lite vatn som heiter Moskei. Det er ein fin kvelv her inne. Vegen går på sudsida av vatnet. Her ligg nokre gardar. For eit par hundre år sidan låg det fleire husmannsplassar her.

Tvers over vatnet, på nordsida, låg Hafslund nede ved stråndi med ein bratt ås bak. Eit stykke opp i åsen ligg Kastedalen, ein gamal attgrodd husmannsplass. Her har me også Kastedalskotet. Her var det at Sondre Nordheim gjorde meisterlåmi si på ski.

Kastedalen var ein svært gamal plass. Her budde Hæge Kastedalen. Plassen høyrde, og høyrer til Kleiv i Morgedal.

Hæge var av gardmannsætt, ho var dotter av Hans Bergestig i Øyfjell. Han var ein mann som stod seg godt, fortel Rikard Berge i "Norsk Sogekunst". Han hadde mange ungar som han hadde huslærar til, so dei fekk god opplæring. Og kom seg godt fram, flesteparten. Bror til Hæge, Såve, kom til storgarden Vesterdal i Dalane. Hæge var i ungdomen sin på Vesterdal og her var ho til ho, over 30 år gamal, gifte seg med tenesteguten Brynjulv Åbø. Etter ei tid stedde dei husmannsplassen Kastedalen, og flutte dit, og her vart ho buande til ho vart gamal og kom på legd. Ho var vel lærd, og hugsa godt det ho hadde høyrte. På ein måte var ho synsk. Tussane såg ho ofte, og var gode vener med dei. Ein gong hadde ho vitjing av ei tussekjerring som fortalde at ho budde i ein ås tett innved Kastedalen. Ho fortalde at tussane livde på same måten som menneski, dei var bare ikkje synlege. Dette var nok noko Hæge hadde drøymt, ellers so hadde fantasien løypt løpsk med henne.

Ho livde so med i det ho fortalde og ho kunne so mange eventyr og soger. Gamle kvad hadde ho mange av. Då ho på sine gamle dagar

for på legd i Morgedal, fylgde ungdomane med henne. Ho var so glad i ungar, og ho var flink til å fortelje, og kveda for dei.

Sjølvsagt vart ho kjent for forteljarkunsten sin, og mange samlarar kom til henne og fekk ho til å fortelje og kvede.

M.B.Landstad og Olea Krøger var hos henne. Båe fekk mykje stoff.

Professor Sophus Bugge var hos henne, og skreiv opp mykje av det ho fortalte og kvad, m.a. "Draumkvede", likeeins "Breiarblakkens Åsmund Frægdegjevar" og mykje meir. Han skreiv soleis ned nokre av segnene og eventyri ho kunne. Torjus Loupedalen har i "Morgedal, skisportens vogge" skrive om Kastedalen og folki der. Han skriv m.a. at Kastedalen med Moskjeitjønne er ei smiledokk i Nordbygdi.

I gamle dagar var Nordbygdi ei plassgrend og vart kalla Fillebygdi. Her og nordover låg kring tjuge husmannsplassar som nå er borte. Denne plassbygdi har hyst mykje armød ein gong. Men trass alle sine fillur ei glad armød, skriv Loupedalen.

Til Kastedalen hadde Brynjulv og Hæge flutt i 1836 med fire born, Turid, Hans, Kari og Talleiv. To døydde unge. Gutane var temmeleg ville av seg og råka opp i slagsmål. Hans døydde etter eit slagsmål i 1850. Kari døydde av tæring. Dei sa at ho var so glad i ein gardsgut, at då det ikkje var noko med dei, sytte ho so at ho fekk tæring og døydde.

Men trass i alt var det mykje moro på Kastedalen. Her samlast ungdomen i leik og moro, og når det var ei pause i leiken, so fortalde og kvad Hæge for dei.

Brynjulv døydde i 1864 og Hæge døydde på Krossbakkane i 1870, 84 år gamal. Dei seinaste åri sine for ho på legd kring om i bygdi, og var svært skrøpeleg. Ho var bunden fast til ein kubbestol, so ho ikkje skulle ramle over ende, og der sat ho og fortalte, og kvad. Men krafti var nok ute då.

Både Hæge og Brynjulv var av gamal Kviteseidrot. I "Ættesoge for Kviteseid" finn du Hæge under Lid og Brynjulv under Kvålseth.

Olav Botnen

(Artikkelen om Hæge Kastedalen har tidlegare stått på trykk i Varden)



Dølehalli vert utvida.

Litt om Dølehalli i Morgedal

Nå når Dølehalli vistnok skal rivast, kan det kanskje vera rektig å skrive litt om dette huset, som i nesten nitti år var samlingsstaden for morgedølane, slik at ettertida ikkje heilt gløymer at det var noko forsamlingshus i sentrum av bygdi.

Ungdomslaget Dølen blei skipa i 1895. Dei fyrste åri var det vel ikkje so stor aktivitet i laget. Dei få gongene det var fest eller møte, fekk dei lov til å halde til på gardane. Men dette kunne ein sjølv sagt ikkje halde på med i lengda, og i 1902 blei det snakk om at laget måtte få seg eige hus.

Det var nok mykje "for og imot" snakk om dette på den tida. Ein del eldre og pietistiske var nok i mot og rådde sterkt ifrå. Det var nok moralen dei var redde for når ungdomane skulde få seg eit hus som dei åtte sjave og kunne rå seg sjølve i. Eg høyrde ei herme etter ein av dei største motstandarane, han sa det slik: "Ja, dersom ungdomshuset bli bygt, so bli de a'kje vanskeleg å få tak i hjuringar i Morgedal om nokle år!"

Vel, i 1903 blei det vedteke å bygge hus. Arbeidet byrgja i 1903 og hausten 1904 stod Dølehalli der midt i bygdi ferdig til bruk. Det var nok ei masse dugnadsarbeid på huset denna gongen også, og mykje timmer og pengar blei gjeve. Men nokre arbeidsfolk måtte leigast og nokså mykje material og dørar og glas måtte kaupast, so det måtte nok lån til.

Svein Sollid tømra upp huset og var sjefen for bygget. Han hadde kr. 3,- pr. dag for arbeidet. Andre som var med som leigekarar hadde kr. 2,- pr. dag.

I kassaboki frå denne tid ser ein at mykje plank og listverk er kaupt frå Sundkilens Dampsag og Høvleri. Dørar og glas er frå Nylands Trævarefabrikk. Prisen på ei enkel dør var kr. 11,10, så det var litt skilnad på dette og dagens prisar.

Nå når laget hadde fenge seg eige hus, blei det straks meire fart i lag-sarbeidet. Møte, festar, kursvirksomhet auka fort. Ei liti boksamling fanns i Morgedal alt på denne tid. Denne blei i seinare år teke over av ungdomslaget og plassera i Dølehalli. Denne boksamlinga blei det lagt ned eit stort arbeid for i laget, og ho blei av dei største i Vest-Telemark.

Elles fekk kommunen mykje bruk for dette huset. I åri frå litt fyre 1920 og fram til 1940, blei der halde saumeskule, framhaldsskule, snikkarskule, skomakarskule, kokekurs og bakekurs i Dølehalli. Det synt seg at det "trongst" å få eit ungdomshus i Morgedal.

Men med tidi blei huset forlite, så ein laut finne på ei eller onnor utviding. Så, i 1931, blei det vedteke å bygge inntil eit litt større rom på nord-vestsida av huset. Det var Aslak Kleiv som tømra upp denne delen, då også med dugnadsarbeid, timmer og litt pengehjelp frå bygdefolket.

Dette hjelppte godt. Scena blei romsleg og god, salen munaleg større, og dertil eit bra rom i andre høgdi.

Likevel, huset var ikkje stort, kanskje 130 sitjeplassar i salen. Når ein so tenkjer på at denne vesle bygdi, med dette heller vesle huset kunne taka på seg å skipa til og avvikle årsmøtet og stemna til Telemark Ungdomslag, må ein undre seg over at dette gjekk an. Dette gjorde U.L.Dølen i 1936, og det på ein måte som slett ikkje stod tilbakers for det dei andre bygdane i Vest-Telemark gjorde seinare år.

Dølehalli var nå stadig i bruk i åri som kom heilt fram til krigen. Då blei alt stoppa i 5 år. Men etter krigen var slutt, vakna ungdomslaget til live at, og i 1956 blei det vald ei nemd som skulde taka ei stor oppussing både innvendig og utvendig av Dølehalli. Dette var eit stort arbeid, både med tilbygg og endringar inne. Men i 1959 var arbeidet ferdig, og opningsfesten var 22. juni. So hev då huset vore i bruk heilt til det siste, til gagn og glede for bygdi.

Det er vel litt naivt å seia det på denne måten, men eg gjer det likevel: Takk for det du hev vore for morgedølane i snart nitti år - gamle, gode Dølehall!

Torleiv Lid

Då Kviteseidbyen brann

Opninga av kanalen i 1892 var med og skapte ei rivande utvikling i Kviteseidbyen. Båttrafikken gjekk for fullt, med mykje gods og reisande til og frå brygga. Den eine bygningen etter den andre reiste seg oppetter langs gata. På få år utover 90-talet kom fleire krambuir i drift, her kom bokhandel, bakarforretning, kjøtforretning, meieri og apotek.

Ei rekkje håndverkarar slo seg ned i byen; skomakarar, skred-darar, smedar osb. Mange av dei dreiv stort, med fleire svennar eller læringar i arbeid. Her kom hotell, gjestgiveri og skysstasjon.

Våren 1911 slo blikkenslagar Olav Furulund seg ned i den travle og livlege Kviteseidbyen. Han leigde seg verkstadlokale i bryggerhuset hjå Olga Dalen, og budde på eit lite rom i andre høgda. Olga



Frå gata før brannen

Dalen var enke etter sakføraren Gunleik Dalen, og ho sat med eiegen Lunde midt i byen. (Lunde er eiegen som Sverre Ruud nå eig). Her stod eit våningshus i to høgder, med tilbygd forretningslokale ut mot gata, samt bryggerhus og uthus. I tillegg til Furulund, var det fleire andre som leigde hjå fru Dalen. I andre høgda i våningshuset hadde sakførar Grøntvedt kontora sine. Same stad heldt kretssjukekassa til. I forretningslokala ut mot gata dreiv Tov Midtsund landhandel.

På same side av gata, nokre få meter lenger opp, låg Sundts Hotel. Her dreiv enkefru Sundt, enka etter den kjende båtkapteinen Petter Sundt. Bak Dalens og Sundts eiegenar, noko lenger vekk frå gata, låg ein bygard som tannlege Arneberg nyleg hadde overteke. Sommeren 1911 gjennomførte han ei omfattande utbygging og oppussing av husa sine.

Inntil gata, rett nedanfor fru Dalen sin eiegen, dreiv Simon Johannesen landhandel. Rett over gata for han dreiv Torp Hansen landhandel og bokhandel. Tvers over gata for fru Dalen sine hus, heldt bakar Jacobsen til. Han hadde kome til Kviteseid som svenn nokre år tidlegare, og dreiv nå eiga bakarforretning.

Ovanfor Jacobsen dreiv Birgit Aslestad gjestgiveri. Hjå henne leigde slaktar Olaf Lie lokale til slaktarforretninga si. Likedan leigde Kviteseid Handelslag butikklokale her. Neste bygning var byens skyss-stasjon. Såve Kolbu, enka etter Såvi Kolbu, dreiv denne, og budde saman med borna i andre høgda.

Ved vegen langsmed stråndi bortover mot garveriet, nærast Jacobsen, heldt Gunnar Knutsen til. Her dreiv han landhandel. Nokre meter bortom han låg Kviteseid Hotel, bortom hotellet låg garveriet.

Sundag kveld den 15. oktober 1911 var det fest på kommunelokalet i Kviteseid. Spelmannen Hans Smeland var i bygda denne kvelden, og hadde leigd seg rom hjå Aslestad for natta. Blant mange andre var også Olav Furulund på denne festen. Det vart seint før han kom seg heim att. I tretida om natta låste han seg inn i bryggerhuset der han budde. Det var mørkt, og han tende ei parafinlampe i verkstaden sin. Så gjekk han opp på romet sitt, der han også tende ei lampe. Det var skråtak i romet og lågt under taket. Nokre linskjorter hekk til turk.

Kort tid etter gjekk han ned att i verkstaden for å kikke litt i nokre aviser.

Medan han sat og las, hørde han det byrja å knitre ovapå. Han sprang opp, og såg at det hadde tekje fyr. Han sprang ned att etter ei vassbytte, men alt han prøva, så greide han ikkje å kvele varmen.

Han sprang då ut og fekk vekt opp fru Dalen, som sov ilag med borna i hovudbygningen. Dei hadde ikkje før kome seg ut før flammene slo opp over taket på bryggerhuset.

Varmen spreidde seg nå med rivande fart. Veret var stilt denne oktobernatta, men likevel gjekk det eit friskt luftdrag nedetter byen som rørte opp under varmen. Etter kort tid var også hovudbygninga til fru Dalen i full fyr. Av innbuet hennar vart berre ein kommode redda ut, meir var det ikkje råd å berge før dei måtte trekke seg unna flammene. Frå sakførar Grøntvedt sitt kontor vart ingenting redda, heller ikkje frå kontoret til sjukekassa. Det var heller ikkje råd å berge noko frå Tov Midtsund si forrning.

Dei skjøna alle at ei katastrofe nå var på gang i Kviteseidbyen. Nå hasta det med å varsle dei som låg og sov i husa ikring. I starten vart dette eit kapplaupe med flammene. Med hus på alle kantar, og mykje folk i dei fleste hus, var det ikkje gjort i ein fart å varsle alle. Flammene stod alt høgt til vers, og for over gata og sette Aslestad's hus i brann. Med naud og neppe berga dei seg ut der. Spelemannen Smealand vakna fyrst då flammene hadde godt tak i bygningen. I tillegg til Aslestadfamilien var også familien Knut Slåtta fastbuande leigetakarar her.

Samstundes som flammene for over gata til Aslestad, spreidde dei seg oppover til Sundts Hotel og bakover til tannlege Arneberg. Også her redda folk seg ut i tide.

Kviteseid hadde stutt tid tidlegare fått sitt eige brannkorps. Formann var Nils Botnen, Simon Johannesen var brannmeister og lensmann Sandvik var varamann. Dei to sistnemde var raskt på brannstaden og tok leiinga av slokningsarbeidet. Dei hadde ennå ikkje rukke å skaffe noko varslingsignal, så det tok si tid å mobilisere folk til sløkkinga. Nokre få hadde telefon, og vart varsla på den måten. Andre vart henta.

Brannkorpset hadde heller ikkje sprøyte eller brannsegl. Desse tinga var dei lova i gåve frå eit brannforsikringsselskap, og planen var at Nils Botnen den fyrstkomande onsdagen skulle til Kristiania og hente materiellet. Brannen kom dei altså eit par dagar i forkaupe! Av hjelpemidlar hadde dei berre bytter, hakar og nokre stigar. Vatn vart henta i brønnar, i bekken bak Sundts Hotel og frå fjorden. Mot ein slik voldsom brann, med så kleint utstyr, var slokkingsmannskapa nærast hjelpeslause.

Medan brannen spreidde seg vidare frå hus til hus, vart det lagt ned ein stor innsats for å redde ut verdiar frå husa.

Frå Handelslaget si forretning hjå Aslestad vart det berga ut ein del varer. Frå kjøtforretninga til Olaf Lie vart ingenting redda.

Huset var nokså snart overtent, og varmen for vidare opp i skysstasjonen til Såve Kolbu. Ho berga seg ut i hui og hast saman med borna. Dei fekk stort sett berre med seg kleda dei slengte på seg i farten.

Med Sundts Hotell og tannlege Arneberg's bygningar i full fyr var husa til skomakar Landvik og kjøpmann Leif Midtsund sterkt truga. Medan Landvikfamilien i hui og hast bar ut innbu, tok uthuset deira fyr og stod ikkje til å redde. Våningshuset vart berga. Hjå Leiv Midtsund pågjeikk arbeidet for fullt med å berge ut varer frå butikken. Kviteseid Apotek leigde lokale her, og i apoteket var det ein del brannfarlege stoff. Apoteklokala vart rydda, og dei brannfarlege stoffa frakta opp på tomte til sparebanken. Bygningane til Midtsund vart berga.

Som nemd spreidde brannen seg frå Aslestad oppover til skysstasjonen. Snart spreidde flammene seg vidare også nedover gata, frå Aslestad til bakar Jacobsen. Sjølv om det nå etterkvart hadde kome ein del folk til stades, var heller ikkje bakarforretninga til å redde. Snart var også uthusa i full fyr. På stalltrevet budde sveinane. Hjå Jacobsen vart det redda ut noko innbu, mellom anna ein sveivegrammofon. Denne sviv og let den dag i dag.

Med bakerien i full fyr, kom også forretningsgardane til Gunnar Knutsen og Torp Hansen i faresona. Trass iherdig innsats lykkast det heller ikkje nå å stogge brannen. Fyrst tok husa av kjøpmann Knutsen fyr. Og så, to timar etter at brannen oppsto, hoppa flammene over gata frå Jacobsen og sette husa av Torp Hansen i brann. Medan brannen utvikla seg, hadde både Gunnar Knutsen og Torp Hansen berga ut varene frå butikkane sine. Dei berga også mykje innbu.

Av bygningane langs gata var det nå berre butikklokala av Simon Johannesen som ikkje hadde teke fyr. Etterkvart som brannen utvikla seg hjå Torp Hansen, vart hiten så sterk at også huset honoms tok fyr. På dette tidspunktet hadde det imidlertid kome fleire hundre menneske til byen som deltok i sløkkingsarbeidet, og med kort veg til fjorden greidde dei å slå attende flammene. Huset vart brannskadd, men berga.

I fem-seks tida om morgonen, då brannen var på det verste, stod omlag 20 hus i flammer. Ingen hadde mista livet eller vorte alvorleg skadde, men omlag 50 menneske var huslause. Ei mengde husdyr hadde blitt redda frå flammene. Det var fleire stallar og fjøs i byen, og mange av hestane, grisane og hønene var sleppte ut, og gjekk fritt ikring medan brannen rasa. Grisane av Gunnar Knutsen vart ville då huset deira tok fyr, og ville absolutt inn att i flammene. Midt under den store brannkatastrofa måtte han til å slakte!

Ungane i byen vart samla saman og sende avgarde for at dei ikkje

skulle vera tilstades og sjå heimane sine gå opp i flammer. Flammehavet var kollosalt, brannen lyste opp og var synleg over heile bygda. Heilt frå Morgedal kom det melding om at ein kunne sjå flammehavet.

I åttetida var byen nedbrent, berre utallige oskehaugar låg att og gløda og rauk. Folk fekk etterkvart tid til å tenke over kva dei hadde gjennomlevd og ikkje minst kva tap dei hadde lide.

Tapa var sjølvsagt størst i området der brannen starta. Den eine kommoden fru Dalen redda ut inneheldt verdisaker, elles mista ho alt. Innbuet hennar var godt forsikra, men ho leid eit tap på husa i og med at ho laurdagen før brannen hadde selt dei nokre tusen rimlegare enn assurancesummen lydde på.

Sakfører Grøntvedt hadde ei rad sakspapir liggande i eit jernskap saman med 500-600 kroner. Då skåpet seinare vart opna, inneheldt det berre ei kølsvart masse. Alle papira og 700 kroner som vart oppbevare i kontora til kretssjukekassa gjekk med.

Brannen i Kviteseidbyen skjedde i ei tid då det ennå ikkje var heilt vanleg å forsikre eigedelane sine. Det skulle også vise seg at fleire av dei som hadde forsikring var underforsikra. Tov Midtsund miste nokre verdfulle vekter som ikkje var forsikra. Tapet hans vart redusera ved at han ikkje hadde så mykje varer inne. Familien Slåtta, som budde hjå Aslestad, hadde ikkje forsikra, og miste nesten alt dei åtte. Tenestejenta hjå tannlege Arneberg, Olga Olsen, hadde ikkje forsikra kleda sine. Arneberg sjølv, som nyleg hadde pussa opp og bygd ut, hadde ikkje halde takst på det nye huset, og sat såleis med ei forsikring pålydande berre tredjeparten av husverdien. I tillegg var ei polise på "bygning under oppføring" nyleg gått ut! Handelslaget hadde meir varer enn dei var forsikra for, men redda ut ein del, og reduserte dermed tapet.

Slaktar Olaf Lie hadde papira sine i eit jernskap. Dette motsto ikkje hiten, og alt inni vart øydelagt. Familien Kolbu miste det meste. Også fleire av dei som berga husa sine, leid tap på ulike vis. Mellom anna vart ein del innbu skadd medan det vart flytt ut or husa. Både skomakar Landvik og dyrlege Bjørnson fekk skader på innbuet sitt. Ein del av varene som vart redda ut frå butikkane tok også skade.

Dei nedbrendte husa var forsikra i Brannkassa for totalt 60.500 kroner. Varer og innbu i selskapa Vesta, Norden og Norrland for 72.000 kroner. Nokre av dei skadde bygningane som stod att var med varer og innbu forsikra for 30.000 kroner i Storebrand. Med fråtrekk av det som vart redda, kom dei samla skadene opp i langt over 100.000 kroner. Reknar ein om til dagens kroneverdi, så var det verdier for fleire millionar kroner som gjekk opp i røyk denne oktobernatta.

Som nemd hadde omlag 50 menneske mista heimane sine. Mange av desse flytte midlertidig inn på Kviteseid Hotel. Andre flytte inn hjå familie og vener i grannelaget.

Nokre dagar etter brannen starta Torp Hansen opp att forretningsdrifta i lokale hjå Kviteseid Hotel, der han var medeigar. Gunnar Knutsen heldt fram handelen i eit rom i garveriet, medan Handelslaget fekk leige rom i eit av dei andre husa som stod att i byen. Sakfører Grøntvedt fekk leige, og sidan kaupe, hus av lensmann Sandvik lenger oppe i byen, og heldt fram sakførerforretninga si. Tannlege Arneberg var også snart i gang att i nye lokale.

For bakar Jacobsen var det verre å koma i gang att. Det fanst ikkje eigna lokale og utstyr han kunne leige for å halde fram bakarverksemda. Løysinga var å bygge opp att bakeriet så fort som råd. Han var difor den blandt huseigarane som ivra sterkest for å koma i gang med bygginga. Fyrste veka i november, berre eit par veker etter brannen, var han i gang. I mellomtida hadde amtsingeniøren vore i Kviteseid og stukke ut grensene for gata. Denne vart gjort betydeleg breiare. Jacobsen måtte trekke dei nye husa lenger inn. Han fekk kaupe ei stripe, seinare kalla Rispa, av tomte til Gunnar Knutsen, og fekk såleis plass til å bygge slik han hadde tenkt. Byggmester Thorsen frå Skien tok byggeoppdraget. Han fekk med seg ein murmeister til å setja opp sjølve bakeribygningen, og rett før jol var bygningane under tak.

I Kviteseid vart det eit heitt diskusjonstema om byen skulle regulast eller ikkje før den vart bygd opp att. Blant tomteeigarane var det fleirtal mot å regulere. Den kommunale reguleringskommisjonen, med Nils Botnen i brodden, ivra derimot sterkt for å regulere. Den 7. november møtte han i heradstyret og tala varmt for regulering. Han beskreiv den gamle byen som "eit kaos av hus, slik bygde, at fekk elden tak i eit, så tok han alle." Det ville vera ein samfunnsbæte om dette vart retta på, meinte han.

Heradstyret var imidlertid ikkje samd med Botnen. Som ein av medlemene sa: "Då eg ikkje trur staden har noko sers framtid, så lyt eg stemma mot regulering." Ein annan trudde heller ikkje staden kom til å veksa noko sers, og var difor i mot å yta noko til regulering. Fleire andre frykta også utgiftene knytt til reguleringa. Ved avrøysinga var det berre ein som gjekk inn for regulering.

Kommunen sende så søknad til departementet om å sleppe regulering. Her vart søknaden avslegen. Kviteseidbyen skulle regulast. Arbeidet gjekk fort, og like før jol same året var reguleringsplanen ferdig.

Våren etter starta ei hektisk gjenoppbygging. Frå Skien kom store



Den nye byen reiser seg.

mengder materialar og andre bygningsartiklar, frakta opp kanalen på lekterar. Då ein av lekterane, fullasta med materialar, hadde lagt inntil ved brygga, hoppa nokre rotter i land. Slik kom rottene seg til Kviteseid, seier dei i Kviteseidbyen.

Fleire av dei nye husa var arkitektteikna, og tok seg svært godt ut. Stilmessig var dei tilpassa kvarandre, og dei vart fint ordna i samsvær med reguleringsplanen. Det gjekk gjetord om den nye byen som voks fram i Kviteseid.

Brannen fekk også eit rettsleg etterspel. Medan det ennå rauk av branntomtene utpå dagen måndag den 16. oktober, sette sorenskriveren i gang avhøyr av dei som fyrst kom til då brannen starta. Skrivarfullmektigen leia avhøra, som varte i to dagar. For utan Furulund, vart desse avhøyrde: Fru Dalen, sakfører Grøntvedt, tene-stejenta av tannleg Arneberg, Olga Olsen, kontorist Rødbakk, Andres Dalen, Jon Meinstad, Kristoffer Homman, bakar Jacobsen samt ein slektning han hadde på besøk frå Skien, H. Lillefjære.

Fjorten dagar etter brannen ila politimesteren i Telemark blikkenslagar Olav Furulund ei mulkt på kr. 50,- for å ha "voldt brannen natt til 16. oktober ved uforsiktig omgang med ild".

Gunnar Ruud

Ei gamal soge om korleis Morgedal vart busett:

Kjærleik og strid, men lukkeleg utgang

Etter eit gammalt sagn, som me finn attgjeve i Halvor Tvedten sine "Sagn fra Telemarken", som kom ut i 1891, skal den fyrste busetningi i Morgedal ha kome kring år 1000. Det er nok ikkje rett, det budde folk i denne bygdi lenge før.

Denne samlingi til Tvedten er svært interessant, men boki er vanskeleg å få tak i nå. For oss i Vest-Telemark er boki sers interessant, for det er attgjeve mange sagn frå denne delen av fylket.

Sagnet om korleis Morgedal vart busett, er ei forteljing om strid og kjærleik, med ein lukkeleg utgang. Det fortel at ein kjempekar frå Bø som heitte Roar, hadde råka uklar med folk i heimbygdi si og vorte fredlaus. Han vart leid av å halde seg i skugg og skjul, og drog med huslyden sin vekk frå Bø for å finne seg ein heim lengere oppe i Telemark, der han kunne få leva i fred og drive med fredelege syslar. Etter å ha kome eit stykke opp i Telemark kom han til ein dal som det ikkje budde folk i, og der han lika seg godt. Han slo seg ned på ein stad som vart heitande Bjåland. Her var det godt å vera. Det var fisk i vatni og vilt i skogen, og meire trong dei ikkje. Og det beste, her var han ikkje fredlaus, her var det ingen som ville han til livs.

I fjellet bak Bjåland var det ein rise som heitte Bjå, derav navnet Bjåland. Denne risen lika ikkje at det hadde kome folk so nært, og etter at Roar hadde bygd seg hus, freista risen fleire gonger å slå det over ende og knuse det med å kaste store steinar etter det. Men risen var einøgd og såg ikkje godt, so han kasta feil og råka ikkje Roar eller huset hans, men steinane vart liggande i nærleiken.

Då Bjå såg at det ikkje nytta å jage han vekk, tok han seg ein tur ned til Roar og foreslo at dei skulle leva i saman som gode grannar. Dette ville Roar gjerne, og han lova ogso då Bjå bad om det, at han ikkje skulle bygge noko hus for Kvite Krist og folki hans, som hadde kome til landet. Roar var asadyrkar og lova sjølv sagt dette. Han tre-ga aldri på denne lovnaden sin.

Roar hadde ein son som heitte Morger. Dalen fekk sitt namn etter han. Det var ein stor og staut kar.

Då det leid på at han vart vaksen, var det kome fleire folk til bygdi og grannebygdene. Då var det ein vinter det skulle haldast midtvinn-

terblot for guden Tor i Seljord. Morger ville vera med på dette og gav seg i veg på ski. Dei var tidleg vante med å gå på ski, morgedølane.

Blotet vart halde på Asarheim. Hit kom det mykje folk, både gamle og unge. Millom andre kom også ein mann frå Sollid og dotter hans, ei ung jente som heitte Hildur.

Kvar dette Sollid var, fortel ikkje sagnet. Det er Sollid i om lag alle bygder. Det kan og vera Sælid. Det er ein gard som ikkje ligg så langt frå Bjåland. Bare ei hei og eit fjell låg imellom.

Hildur var ei ven og kjekk jente, og Morger vart hugteken i henne. Men det var mange som var det, og Morger fekk lite høve til å snakke med henne.

Seinar hadde han henne i tankane sine jamt. Far hans merka at det var noko i vegen, og han spurte sonen sin kva det var. Morger fortalte far sin om den vene jenta. Faren bad Morger om å taka det med ro og be gudinna Frøy om hjelp, og so draga over fjellet til Sollid eller Sælid, som me kjem til å kalle garden, og så på gamal vis å be faren om å få Hildur til kone.

Dette gjorde Morger, og han kom til Sælid om kvelden. Då han fortalte kven han var, vart han godt motteken. Han bar fram ærendet sitt og far hennar hadde ikkje noko imot dette, men jenta var alt bortlova til Knut Sundsbarm, ein kjempekar som budde litt lenger ute ved Sundsbarmvatnet. Far til jenta sa han skulle taka seg ein tur ut til Knut for å høyre om han ville gje slepp på Hildur. Dette gjorde han neste dag. Men då han tala med Knut, var det bare nei å få, han ville ikkje gje slepp på Hildur. Men dersom Morger våga møte han, kunne dei ha holmgang på Sundsbarmøyi. Då det ikkje er noko øy ved Sundsbarm, eller noko øy med det namnet, må det vera Sælidøyi, ei stor øy som ligg utanfor Sælid. So fekk lagnaden avgjera kven som skulle få jenta. Knut var vidan kjent som ei slåsskjempe, og var so visst ikkje redd for at nokon skulle greie å vinne over han. Det visste andre og, so far av Hildur var ikkje ved godt mot då han kom med denne tidendi heimatt. Hildur hadde vorte glad i Morger og vart svært sorgfull då ho fekk høyre dette. Det vart dei andre ogso, for dei meinte at det var ingen som kunne stå seg mot Knut Sundsbarm. Men Morger var ved godt mot og meinte også som so, at kunne han ikkje få Hildur, kunne det vera det same med livet. Han stemde difor Knut til å møte seg på Sælidøyi på ei bestemt tid om hausten, og vona på at det ville verta ei råd.

Då han kom heim att fortalte han far sin korleis det hadde bore til. Faren meinte at han hadde ikkje stor sjanse mot Knut, men rådde sonen til at han skulle rådføre seg med Bjå, som var ein gamal røynd gubbe. Morger so gjorde, og Bjå meinte han hadde ingen von om å



Kampen om Hildur.

greie seg mot Knut. "Men eg skal hjelpe deg", sa han. "Sjå her er eit par styrkevottar, når du tek på deg dei, tenkje eg du greier det". Morger takka og tok med seg vottane.

Då dagen kom, møttes Knut og Morger på Sælidøyi, og då Morger hadde fenge på seg styrkevottane, var det ikkje lenge før Knut låg der. Glad og kry reiste Morger til Sælid, der Hildur venta på han i stor otte, men sjølv sagt vart storglad då han kom att. Det vart halde gjestebod, og Hildur fylgde Morger til Morgedal. Dei fekk ein stor barneflokk som slo seg til i Morgedal.

So er fortalt at i Morgers tid kom kristendomen opp over bygdene, og kyrkje vart bygd på Brunkeberg, som ikkje låg så langt undan Bjålandsfjellet. Då dei ringde med kyrkjeklokkene fyrste gong, høyrdest det både i Bjålandsfjell og i Skorvefjell, der det budde ei huldrejente. Bjå tok ein lur og bles i den, og huldrejenta svara med ein slått på langleik. So vakre tonar var aldri høyrte før, og slåtten levde lenge etter at det var slutt både med risar og huldrar.

Olav Botnen

Store snøvintrar

Av dei snøvintrane som skil seg ut skal eg taka med dei som ein hug-sar etter 1920.

Vinteren 1930/31.

Snøen kom tidleg. Alt sist i oktober var det sledeføre. Seinare snødde det jamt og trutt, om enn ikkje så store snøfall om gongen, heilt fram til langt ut i mars. Fyrst i desember var det snø nok i skibakkane. Det var snøen som sletta og jamna over stein og stubbar, og så var gutanes jobb å tråkka bakken fast, likeeins hjelpe til med snøskuffa også.

I joli fall det mykje snø, slik at i heiane var det omlag 1,5 meter. Tømmer- og vedkøyrarar hadde eit svært strev med å halde opp vinterslepene. Dei måtte både moka og trække. Serleg var det ille for dei stadene der det var bare ein eller to hestar om vegen.

Utpå vinteren vaks snoen til minst to meter i heiane. Og i motkøyringar der dei måtte moka ofte for å halde slepa fast nok, vart snøkan-tane så høge at ein såg ikkje anten hest eller lass frå sida av vegen.

I Flekstveitskogen var det stordrift denne vinteren. Framhald skulen hadde utferd dit ein gong i februar. Dengongen var snøen så stor at slepene såg ut som tunnelveggar.

Våren vart og sein dette året. Snøen låg så lenge at alt langt ut i mai var det mykje snø att i skuggeliane i bygdi.

Vinteren 1950/51.

Dette er nok den største snøvinteren i dei siste 50 åra. Også dette året kom snøen tidleg i oktober, slik at det var sledeføre. Høvleg kul-de gjorde og sitt til at det vart sledeføre så tidleg. Den kaldaste perio-den denne vinteren var november og desember. Skogen stod stakka i fleire månader.

Seinare snødde det jamt og trutt, men då snøen kom så tidleg på ufrosen mark, auka ikkje snøen i same takt som ein kunne venta. Snøen tina ein del frå bakken under. Etter jol var temperaturen for det meste millom 0 og minus 5-6 grader.

Ut i mars eit bel vart det ein liten periode med opphaldsver. Og då soli varma godt, vart det godt skareføre mange stader.

Skareføret vart så bra at folk fleire stader kunne køyra med hest på trug. Dette kom sers vel med, då det ville vore mest uråd å få køyrt heim for frå seterslått, dersom ein skulle vore nøydd til å moka veg. Det var fleire som ikkje hadde fått heim utslåttfor medan snøen var brukbar å køyra.

Snødjupna var denne vinteren på det meste, frå 1,4 meter nede i bygdi til 1,8 i dei delane av kommunen som det då fall mest snø. På heiane vart det målt opptil 2,3 på Fjågesundheia.

Som eit lite døme på dette : Eg var sjølv med på ein skitur til Holmevatna ein gong sist i februar. Då løypte me over taket på ei vanleg støylsbu. Det var bare ein liten snørygg som fortalte at dette var mønet.

Det var vanskeleg å halda oppe gardsvegane fleire stader, då det ikkje var kome snøfresarutstyr til traktor på den tid. Og til avsidesliggjande bustader og gardar endå verre. Det vart fortalt at ein bonde venta med å køyra og moke opp ein tømmerveg til sist i april, men det var nok for tidleg. Vegen snøa til. Då venta han til etter 17. mai, og då gjekk det bra med ført til han var ferdig.

Det vart ei svær påkjenning på mange hustak denne vinteren, Heime på gardane kunne folk få letta på snøbyrda i tide, men på seterhus i heiane var det verre å koma til i tide. Det var mange støylsbuer og serleg seterfjøs som låg knekte av snøen om våren.

Det var uventa lite vatn i elvane etter denne svære snøvinteren. Forklaringa var vel at då marka hadde vore ufrosen heile tida, rann det meste av smeltevatnet ned i grunnen og kom ikkje som vanlege år i same mun fram til bekkar og elvar. Dette var og før vassdragsutbygginga i Vest-Telemark hadde kome i gang.

Hallvard Dalen

Tri småsoger.

Påfunn.

Tarjei og Olav køyrde timmer nordate heii ein smellkald vinterdag. Komne fram på Lybergbakken stansa hesten av Tarjei og letta på rova. Tarjei hoppar av lasset, riv av seg luva, og held ho under. Held så "pærune" i luva ei stund, rister ho tom og dreg ho på hovudet.

"No blei ho varm", sa han!

Elektrisitet.

To karar sat på brygga i Kviteseid og venta på båten ein lummer sommarsettermiddag. Kviteseid hadde nett fått elektrisitetsverket

sitt på Suigard Oppsund i drift, og røun gjekk om desse nymotens greiene.

Brått flerra eit lyn himmelen, og slo ned borte i Bandaks-skaret. "Der gjekk det med mykje elektrisitet", sa den eine.

"Elektrisitet?" protestera den andre "lynt heve det vel gjort her i bygdi lenge før dei fann opp elektrisiteten!"

Kluss med sekken.

Ein kar kom roande uttate fjorden på veg til Kviteseid for å handle. Han skulle ha både sukker, mjøl og kandis. Væl komen fram, gjekk han innom ei av krambuin og spurte etter prisen på sukker. Prisen fekk han greie på. "Men det er inklusiv sjølve sekken", sa kjøpmannen.

Karen vart noko betenkt, og sa han ville sjå litt på det. Deretter drog han opp i Handelslaget og spurte på sukkerprisen der. Prisen var den same.

"Då kauper eg sukker her", sa han "for nede i gata var det visst noko kluss med sekken".



Etter å ha tent bygda i 142 år, skulle ein kanskje tru ein vart mosegrodd?

VI TRUR IKKJE DET . . .

Nå som før – ein moderne bank

**SPAREBANKEN SØR
KVITSEID**

Filialar: Vrådal – Morgedal – Vråliosen



*Er det snakk om bøker, enten til skulebruk
eller rett og slett kos i godstolen,
så tak kontakt med den lokale bokhandel.*

*Vi har eit godt utval i leiker
til både små og store.*

Du finn oss på Mylletorget!



***Kviteseid
Bok og Papir***

LEIKER TELEFON (036) 53 515

Gunnør Mlandt Øvstøge

3853 Vrådal

PLEDD – SJAL – SJERF – LINLØPARAR



**Vi produserer
VINDUER og DØRER
etter DITT ønske**

- | | |
|-------------------------------------|-----------------------------------|
| ■ Det originale KOPLEDE vindu | ■ Salufa aluminium + P.v.c. |
| ■ Vinduer m/Isoleringsglass (termo) | ■ Ytterdører i heltre FURU |
| ■ Faste karmar | ■ Ytterdører m/aluminium i kjerne |
| ■ H-vinduet | ■ Trefyllingsdører |
| ■ VELUX overlysvindu | ■ Scadania dører (ytter/innerdør) |

**Alle disse produktene
kan du kjøpe hos:**

NYLAND TREVAREFABRIKK A/S

3850 Kviteseid – Tlf. 036-53 119

Aage Haatveit
Tlf (036) 53 278 3850 Kviteseid

*Alltid godt utval
i daglegvarer!*



MORGEDAL
TURISTHOTELL
TELEMARK

3848 Morgedal
Tlf. (036) 54 144
Telefax (036) 54 288